

Sakprotokoll

Utval: Plan- og bygningsutvalet
Møtedato: 27.08.2009
Sak: 180/09
Resultat: Anna forslag vedtatt

Arkivsak: 09/1683 **Lnr:** 16914/09

Tittel: SAKSPROTOKOLL: FORSLAG TIL STATLEGE
PLANRETNINGSLINJER FOR DIFFERENSIERT FORVALTNING
AV STRANDSONEN LANG SJØEN - HØYRING

Vedtak:

Plan- og bygningsutvalet i Os kommune viser til Miljøverndepartementet sin høyring/forslag til statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen

Plan- og bygningsutvalet vil gje slik fråsegn i saka:

Plan- og bygningsutvalet i Os kommune merkar seg at Regjeringa i sitt høyringsbrev føreslår å plassera fylgjande kommunar i "streng" kategori: Askøy, Austevoll, Austrheim, Bergen, Bømlo, Fitjar, Fjell, Kvinnherad, Lindås, Os, Radøy, Stord, Sund, Sveio, Tysnes, Øygarden medan desse kommunar Eidfjord, Etne, Fedje, Fusa, Granvin, Jondal, Kvam, Masfjorden, Melan, Modalen, Odda, Osterøy, Samnanger, Ullensvang, Ulvik, Vaksdal, Voss er plassert i kategori med mindre press på areala.

Plan- og bygningsutvalet i Os kommune meiner at for mange kommunar i fylket er plassert i "streng" kategori. Utvalet er uroa over at dette vil dempe næringsutviklinga og busetjing som er viktig for Hordaland fylkeskommune dersom praksisen i strandsona skal bli endå strengare i desse kommunane.

Det er ikkje lokal eller regionalpolitisk ynskje om å jamnstillta delar av Hordalandskysten med Oslofjorden slik høyringa føreslår.

Plan og bygningsutvalet i Os kommune meiner at dei statlege planretningslinjene er mykje strengare enn det som er naustynt for å få ei god forvatning av strandsona. Lokale tilhøve må i langt større grad kunne tilleggjast vekt. Lokalpolitikarane er dei som har best kunnskap om og kjennskap til tilhøva lokalt, og staten bør derfor la oss ta ansvar for utviklinga.

Lokalpolitikarane er like opptekne av å ta vare på strandlina som sentrale styresmakter, og meiner at ein er i stand til å aksla dette ansvaret

Plan- og bygningsutvalet i Os kommune vil på det sterkaste rå i frå at Os kommune vert plassert i "strengaste" kategori.

Protokollmerknad frå Norvald Skåtøy (Ap):

Plan- og bygningsutvalet er einig i at Os kommune er plassert i strengjaste kategori i retningslinjene for differensiert forvaltning i strandsona, grunna presset på strandlina og nærhet til Bergen.

Plan- og bygningsutvalet ønskjer nye retningslinjer velkomen.

Protokollmerknad frå Astrid Leikvoll (Tvs):

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset	Sentralbord: 56 57 50 00	postmottak@os-ho.kommune.no	Bankgiro: 6525.05.05676
Torggata 7	Telefax: 56 57 50 01	www.os.hordaland.no	Org.nr.: 844 458 312
Pb.84, 5202 Os	Dir. innval: 56 57 53 10		

Plan og bygningsutvalet tek Statlege retningsliner for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen til orientering.